- Vi legg til grunn at regionane tek over ansvaret for all grunnopplæring for vaksne, og at saka no vert fylgt opp i samband med forvaltningsreforma med overføring av ansvaret frå 2010
- Det bør gjerast ein eigen analyse av oppgåver og ansvar i forhold til kommuneplanlegginga når det gjeld rettleing, innspel og motsegn på dei områda forvaltningsreforma fører til endra oppgåver og ansvar. Her må prinsippa i ny planlov leggast til grunn


Paul M. Nilsen


Jan Per Styve

Vedlegg: Forvaltningsreformen – forslag til nye oppgaver til det folkevalgte regionale nivået.

1. Bakgrunn

Høyringsnotat om regionreform er sendt ut med frist 30. april. Høyringsnotatet følgjer vedlagt.

Høyringa skal leggje grunnlag for ein Odelingsstingsproposisjon som etter planen skal leggjast fram til hausten. Målet er at Stortinget skal handsame denne i løpet av haustsemesteret, og at reforma skal bli gjennomført innan 1. januar 2010.

2. Tidlegare prosess

Kommunal- og regionalministeren bad i brev datert 9. januar 2007 fylkeskommunane om å ta ansvar for å leggje opp til prosessar som sikrar god forankring hos relevante aktørar, slik at reforma skulle få naudsynt legitimitet. Det vart særleg lagt vekt på å involvere kommunane. Fylkeskommunane vart inviterte til å gjere vedtak om inndeling i to omgangar – eit førebels vedtak innan 30. juni 2007, og eit endeleg vedtak innan 1. desember 2007. Den siste fristen vart forskyvd i samband med at høyringsnotatet om reforma kom seinare enn det som vart den opphavlege planen.

Fylkesordføraren sendte spørsmålet om regional inndeling ut på høyring, og eit klårt fleirtal av høyringsinstansane ønskjer å etablere ein Vestlandsregion. Berre to kommunar gav uttrykk for at dei ønskjer ein to-nivå-modell, og ingen av høyringsinstansane har gitt uttrykk for at dei ønskjer å oppretthalde Hordaland fylke som eigen region. Nokon av høyringsinstansane har ikkje teke stilling til spørsmålet om geografisk inndeling.

På dette grunnlaget gjorde fylkestinget slikt vedtak i juni 2007:

- 1. Fylkestinget er parat til å ta på seg dei oppgåvene som Stortinget gjennom vedtaket sitt 10. mai 2007 har gjeve til fylkeskommunane, og skal løyse desse på ein god måte. Fylkestinget ser likevel ikkje ein forsterka fylkesmodell som ei tilstrekkeleg løysing. Denne modellen vil ikkje gje regionane tyngde nok til å ta over sentrale velferdsoppgåver og vere eit korrektiv til statleg styring.*
- 2. Fylkestinget viser til at eit klårt fleirtal av høyringsinstansane i Hordaland ønskjer ein Vestlandsregion. Fylkestinget ønskjer å få etablert eit sterkt folkevald regionalt nivå som kan ta på seg store samfunnsoppgåver, og som kan vere eit talerøyr for regionen og ei motmakt mot den sterke sentralstyringa vi har i Noreg i dag. Fylkestinget meiner dette vil styrkje Vestlandet som verdiskapingsregion, og gje eit betre grunnlag til å ta tak i Vestlandet sine utfordringar på landselen sine eigne premissar. Med dette utgangspunktet og i tråd med tidlegare vedtak, vil fylkestinget rå til at det vert etablert ein Vestlandsregion der fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vert ei eining. Alternativet er at Hordaland og eitt av dei to grannefylka vert ein region, men fylkestinget meiner dette vil vere eit veikare alternativ enn å etablere ein samla Vestlandsregion.*
- 3. Fylkestinget viser til at regionråda for Hardanger, Sunnhordland og Haugalandet meiner at dei hor høyre til i same regionen, og ber Stortinget og Regjering om særleg å merka seg dette.*
- 4. Fylkestinget meiner at Regjering og Storting må vise mot og vilje til å etablere store og sterke regionar på landsbasis, dersom eit stort fleirtal av fylkeskommunane og kommunane i landet ønskjer dette.*
- 5. I tillegg til dei oppgåvene som er vedtekne overførte, meiner fylkestinget at:*

- *Innovasjon Norge sine regionkontor bør bli overførte til regionane, og alle verkemidlane til SIVA bør gå inn i regionale innovasjonsselskap.*
- *Regionane bør få ansvar for heile regionkontora til Staten Vegvesen.*
- *Forvaltninga av noverande statlege tilskotsordningar til lokale og regionale kulturtilbod, inkl. museum som ikkje har nasjonal status og som i dag blir delvis finansierte over statsbudsjettet bør overforast til regionnivået. Det same gjeld regionale oppgåver og funksjonar som i dag er lagde til statlege institusjonar. Det bør skje ei klårgjering av ansvaret innan kulturminneforvaltninga.*
- *Regionane bør på sikt få ansvar for drift av spesialisthelsetenesta og den spesialiserte sosialtenesta (barnevern og rusvern).*
- *Det er i dag uklårt kva som ligg av overføring av oppgåver innan miljøfeltet. Regionane bør få eit utvida ansvar på dette området, innanfor eit statleg regelverk.*

Fleire av desse oppgåvene vil krevje større regionar enn i dag, og overføring av oppgåver kan gjerast avhengig av at det blir etablert landsdelsregionar.

6. *Fylkestinget meiner at fylkesmannsembetet må avviklast i si noverande form, og erstattast av eit organ med sikte på å ta seg av klage, kontroll og tilsyn.*

Det er bedt om at fylkestinga i denne omgangen skal basere seg på tidlegare saksførebuing. Det vil seie at det ikkje er behov for ytterlegare prosess med partnarane, som kommunane.

3. Gjennomgang av høyringsnotatet med fylkesrådmannen sine vurderingar

Det vert i denne delen referert kort til kva for oppgåver som skal overførast til regionane med fylkesrådmannen sine kommentarar.

Utdanning og forskning

Oppgåver innan informasjon, rettleiing og kvalitetsutvikling som fylkesmennene utfører på grunnopplæringsområdet skal overførast til kommunane. Kva for konkrete oppgåver dette vil vere, avhenger m.a. av kva for statlege satsingsområde som blir definert frametter.

Regionane skal få ansvar for drift og finansiering av fagskuleutdanninga. Øyremerkt tilskot til fagskuleutdanninga blir føreslått lagt inn i rammetilskotet til regionane. Det er teke atterhald når det gjeld fagskuleutdanninga innan helse- og sosialfag.

Regionane skal oppnemne to av dei eksterne styremedlem ved dei statlege høgskulane. Det vert føreslått at dette ikkje bør gjelde m.a. kunsthøgskulane.

Det er gjort framlegg om etablering av regionale forskingsfond. Dette er sendt på eiga høyring, og handsama i eiga sak parallelt med denne saka.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Eg rår til å støtte dei føreslåtte endringane. Overføring av oppgåver frå fylkesmennene innan grunnopplæring vil styrkje det faglege utviklingsarbeidet i skulane, og betre kunne leggje til rette for koordinering av dette arbeidet i eit perspektiv på eit tolv-årig utdanningsløp. Oppnemning av styremedlem ved høgskulane kan styrkje relasjonane til desse.

Tron-utvalet (NOU 2007:11) gikk samrøystes inn for at ansvaret for all grunnopplæring for vaksne blir samla i regionen. Utvalet si innstilling har nyleg vore på høyring. Eg forventar at dette vert innarbeidd i den varsla ot.prp. om forvaltingsreforma.

Samferdsel

Det er gjort framlegg om at andre riksvegar som ikkje er stamvegar skal overførast til regionane, inklusive ferjedrift. Midlane til regionvegar er føresett lagt inn i rammefinansieringssystemet. Det er føresett at Stortinget framleis skal handsame alle saker om bompengefinansiering. Vidare er midlar til rassikring vurdert å kunne bli overførte til regionane.

Det blir føreslått ei viss omklassifisering av andre riksvegar til stamvegar. Kriterium for stamvegar vert drøfta i høyringsnotatet.

Einskilde oppgåver ved Statens vegvesen som gjeld planlegging etter Plan- og bygningsloven og konkret planlegging og drift av kollektivtransport er føresett overført til ane. Ved landsdelsregionar kan fleire delar av Staten Vegvesen bli overførte.

Det er føreslått ein interimorganisasjon fram til regionane tek over.

Innan ansvar for kjøp av persontrafikk, er det gjort framlegg om at regionane skal trekkjast inn i arbeidet med kjøp av persontrafikk med tog. Det er sagt at regionale styresmakter kan få ei sentral rolle i høve persontransport med tog i Oslo-regionen.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Overføring av andre riksvegar til regionane vil føre til at dei får ansvar for om lag 80 % av det offentlege vegnettet i Noreg, unnateke kommunale vegar. Innan det samla regionale utviklingsarbeidet vil utbygging og vedlikehald av vegar bli ei hovudoppgåve. Dette vil vere ei omfattande oppgåveomfordeling og ei vesentleg utviding av samferdsel som regionalpolitisk politikkområde. Eg rår til å støtte framlegget.

I NTP går det fram at forfallet på andre riksvegar utgjer drygt 10 milliardar kr. Spørsmålet om økonomisk kompensasjon for dette er ikkje tilstrekkeleg utgreidd, og eg meiner det må utgreiast modellar for å kompensere for vedlikehaldsetterslepet.

For at regionane skal kunne ivareta rolle som ein aktiv prioriteringsstyresmakt innanfor vegsektoren, er det naudsynt at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet, både i høve til overordna langtidsplanar, utbyggingspakkar og i høve dei årlige budsjetta. Dette krev styrkt fagkompetanse i regionane. Det er difor rimeleg at store delar av planstaben ved Statens vegvesen blir overførte til regionane.

Eg etterlyser også oppfølging av Stortingets merknad om at regionane bør ha ei viktig samordningsfunksjon i høve til den totale kollektivtrafikken i sin region, under dette jernbane og ekspressbuss, og at dei utøvande aktørane i kollektivtrafikken må forpliktast til å delta i dette.

Næringsutvikling

Regionane skal samla eige 49 % av Innovasjon Norge, mens staten skal eige 51 %. Det er lagt opp til at regionane skal nemne opp to representantar direkte til dei regionale styra.

Det er lagt opp til at SIVA kan opprette regionale innovasjonsselskap saman med regionane og eventuelt andre interessentar med regionale mål. SIVA bør i følgje framlegget eige om lag 1/3 som på sikt kan bli redusert til 1/5. Det er friviljug for regionane å delta i slike innovasjonsselskap.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkestinget har tidlegare uttalt at heile Innovasjon Norge burde gå over til regionane. Eg meiner dette hadde vore den beste løysinga, men ser likevel at det grepet som no er føreslått likevel vil kunne styrkje det regionale folkevalde nivået sin posisjon innan næringsutvikling. For det første kan dette føre til at regionane kan få ein meir aktiv dialog med staten om næringspolitikk og om utforming av statlege program gjennom Innovasjon Norge. Vidare har Innovasjon Norge ein omfattande

internasjonal verksemd, som gir regionane heilt andre mulegheiter innan internasjonalt samarbeid innan næringsfeltet.

Eg meiner det er behov for eit par presiseringar. For det første er det naturleg at styresamansettinga både på nasjonalt nivå og på fylkesnivå gjenspeglar eigarsamansettinga, og for det andre at det er styra i regionane som utnemner direktør ved lokalkontora.

Etablering av regionale innovasjonsselskap kan være eit interessant grep, men er førebels lite konkretisert. Eg finn det naturleg at alle SIVA sine verkemiddel inngår i dei regionale innovasjonsselskapa.

Akvakulturløyver

Det blir føreslått at regionane får ansvar for tildeling av alle ordinære akvakulturløyve på aktørnivå, klarering av lokalitetar og å fremje motsegn på vegne av havbruksinteressene til kommunane planar. Vidare også oppgåver innan havrettsforvaltning, slik som skulekvoter, fellingsløyve på kystsel, gje lokal fiskerireguleringar og å utvikle kriterium for deltaking i og utøving av fiske etter kongekrabbe.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Eg er positiv til framlegga i høyringsnotatet om overføring av marine plan- og forvaltningsoppgåver til det regionale folkevalde nivået. Den viktigaste vinsten vil verte meir sektorovergripande og heilskapelege løysingar sett i lys av at forvaltning kan gjerast tett opp mot arealplanlegging-, samferdsel-, miljø-, vassforvaltning- og opplæringsomsyn.

Den største ulempa vil vere auka ressursbruk ved at oppgåvene vert delte mellom fylke, direktorat og departement. Vi går ut frå at dette særleg vil gjelde i ein overgangsperiode på kanskje to år. Gevinsten av auka ressursbruk vil vere at ein oppnår mykje større grad av samarbeid og samhandling mellom fylke og regionale statsetatar. I tillegg får fylka større kompetansmiljø som vil ha positiv verknad for rolla som utviklingsaktør.

Ut frå den erfaringa fylkeskommunen har med forvaltingsansvar for opptak av skjelsand, ser eg det som føremålstenleg å ha motsegnrett til kommunale planar for å sikre optimal ressursbruk. Dette vil også gjelde annan marin ressursforvaltning, og rår til å støtte dette framlegget.

Miljø og landbruk

På miljøområdet blir det gjort framlegg om overføring av bevaring av innlandsfisk/haustbare viltartar og jakt/fiske på desse artane, samt å leggje til rette for og ivareta ålment friluftsliv, inklusiv tilskotspostar. Vidare vassregionmynde etter forskrift om vassregionforvaltning. Vidare vil regionane få ei styrkt rolle i høve klimautfordringar.

Det er lagt opp til at områdevernet skal vurderast overført til regionane i samband med arbeid med ny naturmangfaldslov som etter planen skal bli lagt fram i løpet av 2008.

Stortinget la til grunn at dei fleste oppgåver som i dag ligg til Fylkesmannen på landbruks- og matområdet og miljøvernområdet, skulle overførast til regionane. Unnataket gjeld klagehandsaming, motsegn, lovlegheitskontroll og tilsyn. KS peiker difor at Stortinget sine føresetnader vert ikkje fylgt opp på miljøområdet.

Regjeringa har ikkje teke stilling til overføring av forvaltning av bygdeutviklingsmidlane knytt til tilrettelegging og utviklings, samt dei funksjonar fylkesmennene har i verdiskapingsprogram. Spørsmålet om forvaltninga på landbruksområdet skal sjåast i samanheng med den løysinga som blir valt for overføring av forvaltninga på miljøområdet.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Departementet har ikkje fylgt opp Stortinget sine merknader om ei klår ansvarsdeling der alle oppgåver som krev regionalpolitisk skjønn vert lagt til dei nye regionane, og at det skulle skje ei betydeleg oppgåveoverføring til regionalt nivå. Eg kan ikkje sjå at dette er gjort. Dette er sterkt

uheldig, og etter mi meining i strid med dei føringane Stortinget sine la til grunn ved handsaminga av St. meld. Nr. 12 (2006-2007).

Landbruksoppgåvene innan BU-midlar og verdiskapingsprogram innan mat har ingen ting med områdevernet å gjere, slik at det er heilt uforståeleg at det vert gjort ei kopling mellom ansvars plassering av områdevernet (som går på forvaltning av verneområde) og landbruksforvaltning.

Det bør elles klarleggjast kva som ligg i Fylkesmannens rettleiingsoppgåver. Fylkeskommunen har ei lovpålagt rettleiingsoppgåve i Plan- og bygningslova. Dette kan vera uklårt i forhold til fylkesmannens rettleiing som omtalt. Det bør presiserast at dette gjeld fagområda og eventuelt oppfølging av lovlegheitskontroll, ikkje generell planrettleiing.

Kultur og idrett

Det er i Innst. S nr. 166 (2006-2007) føresett at regionane skal få det fulle ansvaret for å forvalta spelemidla til kulturbygg og lokale idrettsanlegg. Høyringsnotatet legg til grunn at dette vil kunne få konsekvensar for fordelingsystemet, og at det difor må bli sett i samanheng med ei varsla gjennomgang av kriterium for deling av spelemidla til idrettsanlegg som er planlagt ferdigstilt medio 2009. KS framhever at prinsippet om rammefinansiering må gjelde for spelemidla.

Det er lagt opp til at midlane til regionale kulturbygg vil bli kanalisert i den desentraliserte ordninga for kulturhus etter kvart som desse blir fristilte frå pågåande prosjekt.

Det er sagt at vurdering av kva for oppgåver ved Norsk Kulturråd som kan bli overførte til regionalt nivå vil bli føreteke så snart Stortinget har vedteke geografisk inndeling for det regionale nivået.

Regionane skal få ansvar for oppnemning av styrelciar og ev. noen eller alle styremedlem til region-/landsdelsinstitusjonane og knutepunktinstitusjonane.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Kulturpolitikken bør styrkjast som regionalpolitisk område. Eg meiner det er muleg å overføre store delar av tilskotsforvaltninga og andre kulturoppgåver til regionane også innanfor ei forsterka fylkesmodell. Det er no sett ned eit utval (Løken-utvalet) i Kulturdepartementet som skal gå igjennom fordelingsmekanismene og fremje forslag som bidreg til nyskaping og utvikling innan kulturfeltet. Saka kjem til høyring i fylkeskommunane. Det er naturleg at regionane si rolle blir vurdert her, og at det fører til ei desentralisering til regionalt nivå for fleire av ordningane innan kulturfeltet.

Kulturminne er eit saksområde som er prega av mange aktørar med ulike oppgåver. I prinsippet er Kulturminneloven ein statleg særlov der departementet har delegert mynde til Riksantikvaren. Delar av mynde etter lova er delegert vidare til fylkeskommunane og landsdelsmusea.

Høyringsnotatet tek i liten grad opp ansvarsdelinga i høve oppgåvene i kulturminnevernet. Det er særleg stort rom for auka bruk av delegasjon ved at det praktiske forvaltings- og skjøtselsarbeidet som Riksantikvaren gjer (mellomalderbygningar, kyrkjer, fartøy og mellomalder bygrunn) vert ført vidare til regionane. Prinsippet om at direktoratet skal vere endelig vedtaksmunde, klageinstans, politikkkutformar og rådgjevar for departementet kan dermed reindyrkast samstundes som kompetansen i dei regionale fagmiljøa vert vesentleg styrka.

Regionane bør ha ei koordinerande rolle i gjennom å ha ansvar for det samla offentlege tilskotet til musea.

Helse

Innan folkehelse legg departementet opp til ein eigen prosess for å forankre folkehelsearbeidet som ei ordinær oppgåve i regionane. Dette krev i følgje høyringsnotatet ei lovforankring, og dette vert no utgreidd. I høyringsbrevet blir det særleg bedt om synspunkt innan dette feltet. Det skal i tillegg bli sendt ut eit høyringsnotat om saka i løpet av 2008.

Regionane skal fortsett ha ansvar for den offentlege tannhelsetenesta, og vil også få eit styrkt ansvar for førebygging innan tannhelse.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Regionane skal vere regional utviklar og har ein posisjon til å ta ei koordinerande rolle for folkehelsearbeidet. Det er difor naturleg å flytte ansvaret for folkehelsearbeidet til regionalt folkevald nivå. For å forankre folkehelsearbeidet bør det bli ei pålagd oppgåve og eit sjølvstendig område slik det skisserast i høyringsnotatet. Men høyringsnotatet er uklart i forhold til kva for aspekt av folkehelsearbeidet som skal inngå, ansvar for arbeidet er ikkje klart uttalt og det er ikkje klart kva for rammer som vert gitt for arbeidet. Korleis koordinering og ansvarsfordelinga mellom stat, region og kommunane bør skje er mangelfullt utdjupa.

Eg meiner det er naturleg å overføre oppgåver som no er hos fylkesmannen til regionen, dette for å kunne arbeide heilskapleg med oppgåvene. Dette gjeld alle folkehelserelaterte oppgåver, tilskotsordningar og personell.

Andre oppgåver for det regionale nivået

Stortinget gjorde i samband med handsaminga av St.meld.nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional inndeling eit anmodningsvedtak:

Stortinget ber Regjeringa om å vurdere innspill fra kommuner og fylkeskommuner når det gjelder framtidige oppgaver og ansvarsområder for de nye regionene fram til endelig anbefaling legges fram for Stortinget våren 2008.

Det går fram av høyringsnotatet at oppfølginga av dette vedtaket vil skje i det einskilde departement, mens Kommunal- og regionaldepartementet vil gje ei samla omtale over innspel og av oppfølging av departementa i Ot. prp. om regionreforma som etter planen skal bli lagt fram til hausten.

Husbanken og statens bygningstekniske etat

Husbanken har i det siste fått ei stadig større regional utviklingsrolle på sosial- og miljøfeltet. Mellom anna er Husbanken no engasjert i tettstadutvikling og byggeskikk. Verkemidlane i Husbanken bør knytast sterkare opp til regionen sitt utviklingsarbeid og organisatoriske- og oppgåvemessige endringar bør vurderast.

Når det gjeld Statens bygningstekniske etat er det fleire overlappende målsetjingar i forhold til Husbanken og regionalt nivå. Plan- og byggesak er etterkvart tettare integrert. Det er derfor ynskjeleg med eit sterkare tilknytning mellom planretteiing og byggesaksretteiing. Fleire målsetjingar som gjeld klima og miljøspørsmål vert realisert gjennom byggesakshandsaming. Dette gjeld også universell utforming, byggjeskikk og enøk. For Hordaland er det registrert eit ynskje frå den aktuelle gruppa av kommunetilsette om tettare fagleg oppfølging. Det bør også her vurderast om regionen kan ha oppgåver som i dag er sentralt i etaten. Det er i tillegg relevant å vurdere desse to etatane samla i relasjon til at begge har kommunar og utbyggjarar som målgruppe.

Oppgåver innan Olje- og energidepartementet sitt ansvarsområde

For å styrkje regionane som regionalpolitisk aktør innan klima, bør dei få overført verkemiddel som forvaltning av fond for fornybar energi, disponere verkemiddel frå Enova innan energieffektivisering og fornybar energiløysingar. Det er naturleg at regional planlegging knytt til små og mellomstore vindkraftverk og vasskraftverk blir gjort meir forpliktande.

Geografisk inndeling

I høyringsnotatet går det fram at alle fylkeskommunane og 258 av kommunane i landet gjort vedtak om regional inndeling. 11 av 19 fylkeskommunar ønskjer primært ein regionmodell, dvs. større enn dagens fylkeskommunar. 7 ønskjer primært ein fylkesmodell, men to av dei opnar opp for ein regionmodell dersom det blir fleire oppgåver til det regionale nivået. Oslo kommune ønskjer å oppretthalde dagens grenser.

Av kommunane som har teke stilling til regional inndeling ønskjer 156 kommunar ein regionmodell, mens 80 kommunar ønskjer ein forsterka fylkesmodell.

I høyringsnotatet blir fylkeskommunane igjen beden om å uttale seg om regional inndeling.

Fylkesrådmannen sine sluttkommentarar

Etter mi meining følgjer ikkje høyringsnotatet opp dei opphavlege ambisjonane og målsetjingane med reforma. Det er særleg alvorlig etter mitt syn er at Stortinget sine merknader ikkje er fylgt opp på ei rekkje punkt. Dette gjeld spesielt at det ikkje er teke stilling til oppgåvefordelinga med fylkesmennene innan miljø og landbruk.

Notatet er prega av at sektordepartementa har utgreidd oppgåvene utan at det har vore ei koordinerende hand frå Kommunaldepartementet si side. Dette har resultert i ein sterkt sektorvis tilnærning, der heilskapsgrepet manglar. Fleire område er også mangelfullt utgreidd. Det ser ut til å vere noko tilfeldig kva for oppgåver som blir overført. Dei problem som reforma kan medføre er også etter mi meining overfokusert i notatet. Det er ikkje lagt vekt på at oppgaveoverføringa fører til styrkt demokrati, og mulegheit for ei betre koordinering av sektoroppgåver.

Stortinget bad i tillegg om at Regjeringa skulle vurdere å overføre ytterlegare oppgåver til regionane. Det er uheldig at dette punktet ikkje er fylgt opp av Regjeringa i dette notatet, men vil bli fylgt opp i Ot.prp. som er varsla til hausten.

Det er elles verdt å merke seg at for fleire av oppgåvene som kan vere aktuelle har Regjeringa enno ikkje konkludert, slik som miljø og landbruk.

Mange av dei aktuelle framlegga får konsekvensar i høve til plan- og bygningslova. Det bør gjerast ei eiga analyse av oppgåver og ansvar i forhold til kommuneplanlegginga når det gjeld rettleiing, innspel og motsegn på dei områda forvaltningsreforma fører til endra oppgåver og ansvar. Her må prinsippa i ny planlov leggjast til grunn, slik at det ikkje blir ulikt lovverk og roller på ulike sektorområder.

Etter det eg kan sjå, er ikkje oppgåvene som blir føreslått overført, i tråd med dei ambisjonar som regjeringa opphavleg hadde for reforma. Det er likevel slik at det regionalpolitiske nivået kjem styrkt ut av prosessen. Regionane får utvida ansvar innanfor fleire sentrale politikkområde. Spesielt gjeld dette innan veg, men også innan andre område.

Eg registrerer at det er lite som taler for at det blir etablert større regionar i Noreg. Fylkeskommunane er likevel inviterte til å uttale seg om spørsmålet om geografisk inndeling av regionar. Eg vil rå til at fylkestinget held fast ved tidlegare vedtak om at det er ønskeleg med ein Vestlandsregion, og at fylkestinget vil arbeide vidare med sikte på å etablere ei slik region på lenger sikt.